



Søk om gåve frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad !

Hugs søknadsfristen 12. mars for å søkja bankstiftinga om gåve til ålmennyttige føremål.

Søknadsskjema frå SpareBank 1-stiftinga, Kvinnherad er lagt ut. Lag og organisasjonar registrert i Brønnøysundregisteret og med organisasjonsnummer kan no skriva søknader på gode prosjekt. Søknadsfristen er 12. mars. Det vert vurdert støtte til tiltak av ålmennyttige føremål. Søknader skal skrivast og sendast elektronisk. Meir informasjon finn du på stiftinga si heimeside.

Sidan oppstarten på SpareBank 1-stiftinga sine tildelingar har mange god prosjekt og tiltak i Uskedalen nådd fram med sine søknader. Prosjektet Gull av grus ligg truleg på toppen med sine delprosjekt. Det siste har vore gåve til redskapshus og kiosk. Eit anna tiltak i regi av Idrettslaget er nytt tak på Aktivitetshuset.

Ungdomslaget og Helgheim er løyvd midlar over fleire år. Det same gjeld for Skuemusikken. Friluftslaget vart hausten 2018 tildelt midlar til varmepumpe og slåttestyr.

Uskedal Utvikling jobbar med å gjera kjellaren i Gamleskulen ferdig med varmboren varme, innredning og sanitæranlegg. Gamleskulen vart for nokre år sidan løyvd midlar til byggesteg 1 som var støyping av golv, nye dørar og nye vindaugo.

Vi er kjend med at Haugland- og Musland Grendalag vil søkja om støtte til ei trygg og sikker vassforsyning i forsamlingshuset Vonheim. Det må truleg gjerast ved boring etter grunnvatn. Vatn i Vonheim som stettar Mattilsynet sine krav er naudsynt, også fordi Haugland skulemuseum er næraste nabo og manglar vatn og toalett.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Logo frå SpareBank 1-stiftinga. Kvinnherad.